



## FORTIDSMINNEFORENINGA

Indre Sogn lokallag av Sogn og Fjordane avdeling

Org.nr 999 275 400

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kulturavdelinga

Kaupanger 5. mars 2014

### **Synneva Eris hus på Gamle Lærdalsøyri. Spørsmålet om avfredningsvedtak.**

Synneva Eris hus på Gamle Lærdalsøyri gjekk som kjent med i storbrannen i Lærdal 18.-19. januar i år. Etter det vi har sett i pressa vurderer fylkeskommunen avfredning av denne bygninga. Fortidsminneforeninga, avd. Indre Sogn ynskjer å kome med følgjande uttale når det gjeld dette spørsmålet:

Dei aller fleste tidleg fredingar har vore einskildanlegg, som t.d. Synneva Eris hus i 1923. Tidleg på 1970-talet vart det mogleg å regulere heile område til bygningsbevaring, då vart verneområda på Lærdalsøyri den andre staden i landet som nytta denne nye moglegheita (etter Gamle Stavanger). Dette talar for at eigedomen sin fredningsstaus ikkje bør endrast før ein har fått ein grundig, fagleg kompetent gjennomgang av verneverdiane i både verneområdet og i Synneva Eri-anlegget.

Synneva Eris hus sin markante plassering i inngangen til strandsitjarstaden Lærdalsøyri og i grensa mot den historiske ekserserplassen (som strekte seg heilt fram til Brattegjerdet) gjer anlegget svært viktig, saman med dei ulike bruksføremåla gjennom 170 år.

Sidan det freda anlegget ligg/låg innanfor grensene til verneområdet på Lærdalsøyri, så ligg det innanfor det området som fagrådet for gamle Lærdalsøyri skal uttale seg/rådgje om. Dei har ikkje vorte teke med på råd i saka.

Argument som talar for rekonstruksjon er at Synneva Eris hus var eit markant element i inngangen til strandsitjarstaden på Lærdalsøyri og det difor kan vere rett for verneområdet sin heilskap å bygge opp att anlegget. Synneva Eris hus er fullstendig oppmålt og dokumentert og det vil difor ligge godt til rette for ein rekonstruksjon.

Gjennom ei avfredning no vil fylkeskulturutvalet seie i frå seg moglegheiten til å få ført oppatt anlegget som kopi, og samstundes ta frå eigaren mogeligheiten til å få

støtte frå Riksantikvaren, og andre, til ei slik oppattbygging. Fokuset må vere at eigaren får naudsynt hjelp og støtte til ei oppattbygging.

Det er ingen ting i §18 i Kulturminnelova som seier at alle antikvariske verdier må vere intakte for å krevje ei oppattbygging.

Rekonstruksjonen kan nyttast som ein måte å lære opp handtverkarar i Sogn og Fjordane i tradisjonelle handverksteknikkar og bygningskonstruksjon. Dette er viktig sidan eit av dei største problema for eigarar av verna og freda hus i fylket vårt er mangelen på kvalifiserte handtverkarar.

Eit evt vedtak om avfreding må ikkje vere motivert av økonomi, i staden for ei solid fagleg vurdering av heilskapen i eit verneområde av stor nasjonal betydning.


### Konklusjon:

**Årsmøtet i Indre Sogn lokallag av Fortidsminneforeninga i Sogn og Fjordane oppmodar om at fredninga av Synneva Eris hus vert oppretthalde og at anlegget vert rekonstruert.**

---

Resolusjon vedteke på årsmøte i Fortidsminneforeninga, avd. Indre Sogn 5.mars 2014.

Kaupanger, 5. mars 2014



Lasse Sælthun  
Styreleiar

Kopi: Lærdal kommune